

Årsmelding 2016

Praksiskonsulentane i Helse Førde (PKO) er organisatorisk tilknytt avdeling for «Fag og utvikling» og under der «Stab og støtte». Øvste leiar er utviklingsdirektør Anne Kristin Kleiven.

PKO i Helse Førde har i 2016 vore vidareført utan store endringar, med dei same tre praksiskonsulentar i arbeid i til saman 70% stilling.

Anne Stubdal, fastlege i Stryn kommune.
30% stilling. Hovudkontakt for Nordfjordregionen.
Fungerer også som pko-leiar.

Normund Svoen, fastlege i Flora kommune.
20% stilling. Hovudkontakt for kommunar i Sunnfjord, midtre og ytre Sogn.
Webredaktør.

Jan Ove Tryti, fastlege og kommuneoverlege i Sogndal kommune.
20% stilling.
Hovudkontakt for kommunane i Indre Sogn.

Som før arbeider vi i heile føretaket med dei oppgåver som vi vurderer som viktige samhandlingssaker, og vi fordeler oppgåver oss i mellom etter geografi og kapasitet.

Eksempel på arbeidsoppgåver i 2016:

Vidareføring av arbeid frå tidlegare år:

- Samhandlingsbarometeret
- Endring av foretaket sine nettsider
- Pasienten si helseteneste og medlem i diverse arbeidsgrupper/prosjektgrupper som jobbar med dette. Arbeid med samarbeidsavtaler
- Prosjekt «Samhandling under same tak i Florø»

- Samhandlingsmøter psykiatri
- Arbeidsgruppe for «Akuttmedisinsk kjede»
- Nødnett
- Samla plan for prehospitala tenester
- Prosjekt «Barn som pårørende»
- CFS/ME
- Telemedisin

Viktige nye oppgåver i 2016:

- Innføring av kjernejournal, informasjonsarbeid
- Kreftpakkeførløp
- Smertepoliklinikk
- Helsetenester til asylsøkjjarar
- Arbeid med regional plan for habilitering og rehabilitering i Helse Vest
- Prosjekt Legemiddelsamstemming
- Øyremerka stillingar for allmennlegar i spesialisering
- Standard for kvalitet i epikriser, psykiatrisk avd.

Møteverksemd:

Alle praksiskonsulentane er observatørar på møta i *fagrådet* i Helse Førde. (Fagrådet tilsvarar *Overordna samhandlingsutval* i andre helseforetak)

Deltaking *Samhandlingskonferanse* i Helse Førde, april 2016

Deltaking på *Nasjonal PKO-konferanse* i Kristiansand juni 2016.

Leiar har hatt møte med PKO-leiarar i Helse Fonna, Helse Bergen og Helse Stavanger

Fagdagar psykiatri i Nordfjord og Sunnfjord

Møte med utviklingsdirektør

Møte med nokre avdelingsleiarar og avdelingsråd

Alle PKO har hatt *fellesmøte* om lag ein dag i månaden.

Besøk på nokre allmennlegekontor

Møteserie for legar i Nordfjord om samhandling

Deltaking i kurs-arrangement:

Samhandlingsmøte Psykiatrisk klinikk og NPS
Kvalitetskonferansen Helse Førde

Praksiskonsulentane sin kontakt med fastlegane:

Besøk på nokre legekantor og allmennlegeutvaldsmøte i kommunar.
Hyppig e-post kommunikasjon med alle legekantora i fylket.
Utsending av PKO-nytt 2-3 gongar i halvåret.
Regelmessig oppdatering av nettsider:

Praksiskonsulentane sin kontakt med sjukehuslegane:

Aktiv deltaking i fleire samhandlingsprosjekt i Helse Førde.
Uformelle og formelle samtaler med legar

Vi føler vi har eit godt samarbeid med dei fleste spesialiteter i føretaket.

Kontakt med administrasjonen:

Praksiskonsulentane har god forankring i Helse Førde sin administrasjon, og særleg fagrådet er ein nyttig arena for diskusjonar om samhandling. Vi set pris på å få vere observatørar i dette organ, og forsøker å prioritere møte der.

Praksiskonsulentane sitt ansikt ut:

Praksiskonsulentane sender regelmessig ut e-postar med viktig informasjon frå heimesida, til alle allmennlegar i fylket samt til sjukehuslegar, administrasjonen i Helse Førde og fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
Viktig informasjon frå helseføretaket til allmennlegar om samhandlingstema vert no ofte drøfta med PKO og kvalitetssikrast før utsending, og vi får stadig oppgåver med å bringe ut viktig informasjon frå avdelingane. Dette ser vi som viktige og nyttige oppgåver.

Det er likevel vanskeleg å vere synleg både blant allmennlegar og sjukehuslegar, og det er tidvis også vanskeleg å nå fram med viktig informasjon. Vi prøver å unngå å «overdyngje» allmennlegane med e-postar, sidan vi erfarer at det då ikkje vert lest.

Vi brukar mykje tid og krefter på å ha oppdaterte e-post-lister til alle allmennlegar i fylket, og sjukehuset kan gjerne ta kontakt med oss for informasjon om slike adresser.

Heimeside:

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Heimesida til praksiskonsulentane vert kontinuerleg oppdatert, stort sett kvar veke, og PKO bruker ein del ressurser på dette. Vi jobbar aktivt med å marknadsføre denne sida både for sjukehuslegar og primærlegar, i håp om at dette vert ein viktig informasjonskanal mellom tenestenivåa.

Den nye samhandlingssida til helseforetaket: <http://samhandling-sfj.no/> er også ein nyttig kanal for informasjon, og vi har god dialog med dei som redigerer denne for å få lagt ut informasjon vi ser som viktig.

Sluttord.

Praksiskonsulentane har hatt rikeleg med arbeidsoppgåver også i 2016. Vi jobbar stadig meir desentralisert og nyttar ofte videoløysingar, noko som bidreg til at vi kan delta i mange ulike prosjekt utan å måtte bruke mykje tid på reising. Det er likevel viktig å treffast ansikt til ansikt nokre gongar i semesteret, og vi vil prioritere møtepunkt også i vårt vidare arbeid. Det er også viktig å ha kontakt med PKO-miljøet regionalt og nasjonalt.

Vi ser det som ein styrke at praksiskonsulentkorpset er representert og har si fastlegetilknytning i kvar sine 3 lokalsjukehusområde.

Førde, .mars 2017

Praksiskonsulentane

Anne Stubdal anne.stubdal@helse-forde.no

Jan Ove Tryti jan.ove.tryti@helse-forde.no

Normund Svoen normund.rolleiv.svoen@helse-forde.no